

SERVICEERKLÆRING FOR RUS OG PSYKISK HELSE

Formålet med tenesta

Tenesta Rus og Psykisk Helse ved avdeling for Forbyggende helsetenester, har som formål å arbeide med forebygging og behandling av rus og psykiske helseplager i befolkningen, både individuelt og i gruppesamanheng.

Målet er at kvar einskild pasient skal oppleve betre mestringsevne og livskvalitet, samt ein mest mogleg sjølvhjulpen og sjølvstendig tilværelse.

Tenesta og tiltaka som blir satt i verk, skal ta utgangspunkt i pasienten sine behov, og tiltaka skal fokusere på å opprettholde tilknytning til nærmiljøet og integrere de som har behov for dette.

Kven får tenesta

Personar frå 18 år og eldre, utan øvre aldersgrense, så framt personen kan nyttegjera seg behandling.

Tenesta gis med utgangspunkt i at søker:

- Har psykiske vanskar
- Har rusrelaterte problem
- Er i krise eller sorg
- Har alvorlig og langvarig rusproblematikk og/eller psykisk lidelse, med behov for sammensatt tilbud gjennom store deler av livet
- Har behov for oppfølging som pårørende

Korleis få tenesta

Tenesta er eit lavterskeltilbud.

Det vil seie at det skal være enkelt å opprette kontakt med oss.

Tenesta tek i mot skriftlig henvending frå lege eller andre samarbeidspartnarar, samt muntleg henvending frå pårørende, vener og direkte frå pasienten sjølv.

Dersom det er andre enn pasienten som tek kontakt, krevs samtykke frå pasienten.

Tilbodet i tenesta

Tenesta omfatter individuell oppfølging med omsyn til:

- Planlagte og strukturerte samtaler på kontoret eller heima hos pasienten
- Koordinering av individuell plan
- Koordinering av ansvarsgrupper
- Koordinering av ulike tverrfaglige instansar
- Individuell trening ved for eksempel angst
- Støtte til familie / pårørende
- Støttekontakt
- Bistand til å mestre livet i eigen bustad
- Familieråd

Gruppetilbod

- **Kafé 13** i 2 etg. på Gammelbanken Vinstra, ope for alle. Ymse aktivitetar og sal av mat. Ope kvar måndag og fredag frå kl. 10 til 14.
- **Ungdomskafé.** Middagsservering og sosialt samvær for ungdom inntil 25 år. Tysdager fra kl. 15 til 19.
- **Samtalegrupper ved behov.**

Samarbeid

Vi har tett samarbeid med legetenesta, psykiatrisk poliklinikk, barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, rusmiddelteam, Nav, helsestasjon, barnevernet, skular, Kompetansebanken, Fact-team og interkommunalt fagteam, politi og andre instansar.

I tillegg tilbyr tenesta

- Veiledning til samarbeidspartnere
- Kurs i sjølvmoedsførebyggjande arbeid
- Informasjon om Psykisk helse og rus til verksemder og andre

Kva kan du forvente av dei ansatte:

- Å bli møtt med respekt
- Å få fagleg og individuelt tilrettelagt oppfølging i forhold til behova dine
- At dei ansatte har fokus på brukarmedvirkning
- At dei ansatte overheld lovpålagt taushetsplikt
- At dei ansatte følger opp avtaler og tiltak som er iverksatt

Kva forventar dei ansatte av deg

- Aktiv deltaking
- At du møtar til avtaler eller seier i frå om du ikkje kan komme

Saksbehandling og klagerett

- Alle henvendingar skal svarast på seinest innan 14 dagar. Ved fare for liv, tas det kontakt omgåande og lege blir varsla. Ved fare for liv utanom om opningstid, må det tas direkte kontakt med legevakt av den hjelpetrengende, pårørande, etc.
- Tildeling av tenesta skjer ved kartleggingssamtale med søkar.
- Dei pasientane som skal ha vedtak på tenesta, får skriftlig vedtak med rettighet og omfang av tenesta, samt målsetting og klagerett. Dette blir gjennomgått med pasienten sammen med informasjon om registrering i kommunalt helse- og omsorgsregister.
- Tenesta er gratis.

Tenesta omfattas av følgjande lovverk

Helse- og omsorgstjenesteloven, Sosialtjenesteloven, Pasient- og brukerrettighetsloven, Helsepersonelloven, Forvaltningsloven, Psykisk helsevernloven, Tilsynsloven.

Praktisk informasjon

Vi held til ved Nedre gate 54, 2640 Vinstra. Ved Kommunehuset.

Telefon: 612 16 040 eller 94 17 41 55. Åpningstider: måndag til fredag kl.08-15.30.

Ansatte ved tenesta er:

Namn	Telefon	E-post
Svanhild Sletten	907 31 650	Svanhild Sletten
Nina Haugen	918 52 042	Nina Haugen
Ragna Eide Myhre	952 46 990	Ragna Eide Myhre
Tora Tokse	941 74 155	Tora Tokse
Anja Solberg	480 40 905	Anja Solberg
Laila Andreassen	461 89 540	Laila Andreassen
Knut Stubbrud	911 91 300	Knut Stubbrud

Rutina er revidert og godkjend av virksomhetsleiar for tenesta juni 2019.